



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Grethe Fjeld, 5557 2279

Vår dato  
21.11.2014  
Dykkar dato  
11.11.2014

Vår referanse  
2014/13652 634  
Dykkar referanse

Til alle grunnskuleeigarane

### **Informasjon om vidareutdanning for lærarar 1. – 7.trinn: Matematikk 2, MOOC basert vidareutdanning i matematikk for grunnskulelærarar - Haust 2015**

Fylkesmannen i Hordaland har fått i oppdrag frå Utdanningsdirektoratet å informera og oppmoda skuleeigarane i fylket om å bruka dette vidareutdanningstilbodet frå hausten 2015.

I samarbeid med lærarutdanninga ved *UiT* og *HiST* har *Senter for IKT i utdanningen* utvikla eit MOOC basert vidareutdanningstilbod. *MatematikkMOOC*, er ei nasjonal utprøving av ein nettbasert vidareutdanningsmodell som skal danne grunnlag for andre vidareutdanningstilbod. Det vert lagt vekt på fleksibilitet sånn at studiet kan kombinerast med arbeid. Målsettinga med dette prosjektet er å utvikla og prøva ut eit system og ein modell for etter- og vidareutdanninga av lærarar i grunnopplæringa. Utdanningsdirektoratet har ambisjonar om å kunna nytta denne modellen også for andre fag og på andre trinn.

Massive Open Online Courses (MOOC) vert formidla gratis til mange personar over internett. Det vert gjort tilgjengeleg ved at brukaren loggar seg inn på ei nettside og melder seg på. MOOC skil seg frå tradisjonell høgare utdanning ved at det er ope. I utgangspunktet krev deltakinga berre at ein har tilgang til internett. Tilboda er organisert sånn at dei enkelt kan skalerast i tråd med deltakartalet.

Meir informasjon om MOOC finn du her:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/nouer/2014/NOU-2014-5/3.html?id=762923>

*Matematikk 2, MOOC basert vidareutdanning i matematikk*, fokuserer på matematikkdidaktiske emne. Deltakarane kan sjølve tilpassa progresjonen i studiet. Studiet gjev totalt sett 30 studiepoeng. Formålet med studiet er å styrka den faglege og fagdidaktiske kompetansen i matematikk til mange lærarar på mellomtrinnet. Tilpassa opplæring, kunnskap om ulike metodar for undervisning, bruk av digitale verktøy og utvikling av digital dugleik vil vera i fokus gjennom heile studiet.

**Hovudmålgruppe for tilbodet er lærarar på 5. – 7.trinn som har matematikk 1 eller tilsvarande frå før.** Det vert sterkt oppmoda om at fleire lærarar frå same skule deltar for å stimulera til felles kompetanseutvikling og endring i praksis på den enkelte skule. Lærarane søker om opptak gjennom Kompetanse for kvalitet. Der vil dei også kunne søkje finansiering gjennom stipendordninga.

Meir informasjon om studiet finn du her: <http://matematikkmooc.no/>

Utdanningsdirektoratet ynskjer ei tilbakemelding om kva skuleeigarar og skular som ynskjer å delta og omtrent kor mange lærarar frå kvar skule som skal delta.

Fylkesmannen i Hordaland ber difor om at interesserte skuleeigarar melder attende til oss med namn på skular og tal på mogelege deltagarar frå kvar skule **innan 9.januar 2015** til seniorrådgjevar Grethe Fjeld, [fmhogfj@fylkesmannen.no](mailto:fmhogfj@fylkesmannen.no)

Med helsing

Eva Bendiksen  
seniorrådgjevar

Grethe Fjeld  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*